

**Fra:** Leiv Nesheim <leivnesh@online.no>  
**Sendt:** tirsdag 3. januar 2023 21:42  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Reguleringsplan for Gymnaskrysset i Knarvik.

Eg var på orienteringsmøtet på Knarren den 12/12 2022. Der vart dei frammøtte oppfordra til å senda inn merknad og forslag av reguleringsplanen.

Eigendommen min 85/255 vert truleg noko berørt av planen. Mitt forslag til dei som orienterte, var at busskuret vert flytta sørover lenger opp i bakken. Gangvegen slik den er no, er bratt og vanskeleg for den som kjem med barnevogn når det er vinter og det kan vera ein høg og hard brøytokant der gangvegen kjem opp til busskuret.

Mitt forslag var at det vert laga ny gangveg som vert slakare og kan koma opp lenger nede. Det vil vera mykje betre for dei som kjem med barnevogn, og då kan gangvegen brøytast heil opp. Det er uråd no.

Med venleg helsing Leiv Nesheim, Burkhovdane 23, 5914 Isdalstø

Sendt fra min iPad